

Kostnadsoverslaget er sett opp slik:

Kjøp av tjenester kr	135 000
Materialkostnader	95 962
Dugnadsinnsats	100 000
Totalt	kr 330 962

Eigarane har fått kr 55 000 i tilskot frå SMIL-midlar til prosjektet.

Det er svært positivt at Hegglandhusa no vert sett opp på Laukhamar. I tillegg skal det setjast opp eit eldhus saman med bygga. På denne måten vert planane om eit museumstun realisert etter alle desse åra. Tunet vil ha høg kulturminneverdi og verte eit viktig historisk bygningsmiljø i Tysnessamfunnet.

Olav Laukhamar er einaste søker om tilskot til verna kulturminne frå Hordaland fylkeskommune. Det er alltid viktig at kommunen stør prosjekt som søker tilskot om midlar frå fylkeskommunen. Søknaden om verna kulturminne til Hordaland fylkeskommune vert prioritert som nr 1. Det vert løyvt kr 15 000 til oppsetjing av Hegglandhusa på Laukhamar.

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Det vert løyvt kr 15 000 i tilskot til oppsetjing av Hegglandhusa på Laukhamar. Søknaden om verna kulturminne til Hordaland fylkeskommune vert prioritert som nr 1.

Det vert teke standard etterhald om kommunal kontroll der det vert nytta kommunale midlar til tilskot til stiftingar, organisasjonar, aktivitetar med vidare.

Kommunen og kommunen sin revisjon har då høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Kommunen skal ha rett til dei opplysinga ein finn naudsynt for gjennomføring av kontroll.

Utgiftsførast: 14700.1500.3852 kulturvern

#### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 12.12.2017:**

I samsvar med innstilling.